

ÅRSMELDING

Voss I.L. Nordisk

Sesongen 2014/2015

ÅRSMELDING
2014 /2015
for
VOSS IDROTTSLAG

NORDISKE GREINER

1. ADMINISTRASJON / LEIING

1.1 Styre.

Styret har vore samansett slik:

Leiar	- Helge Finne
Nestleiar og sportsleg leiar	- Harald Tveito
Rekruttering	- Helge Finne og Berit Marie Galaaen
Kasserar	- Berit Marie Galaaen
Skrivar / medlemsansvarleg:	- Kristina Fareth Aas
Styremedlem, arrangementsansvarleg-	Oddvar Jansen
Styremedlem, dugnad, antrekk	-Siri Sterri

1.2 Andre tillitsvalde

- Olav Farestveit er styreleiar i Voss- ski og tursenter.
- Lars Terje Tveito er styremedlem i VST
- Arne Hauso er fylkeskontakt for Norske ski - veteranar langrenn.
- Helge Finne, Øyvind Wæhle og Berit Marie Galaaen: Rekrutteringsutval
- Lars Terje Tveito og Knut Eikefjord: Valnemnd

1.3 Møte.

- * Styremøte: Det har vore seks styremøte i 2014 og to i vinteren 2015.
- * Lagskveldar: Me har arrangert to pizzakveldar i samband med stafettar, og to kveldsmatøktar rett etter trening, ei på Voss gymnas og ei i Voss ski- og tursenter. Sesongavslutninga for 2014 var i april i Voss ski- og tursenter med lagsmeisterskap og premieutdeling og feiring av sesongen. Sjur Røthe var med og gjorde stas på arrangementet. Godt frammøte av både små og store medlemmer med oppsummering av sesongen og planlegging av ny sesong. I tillegg har det vore arrangert sosiale samlingar for dei ulike treningsgruppene. I skrivande stund arbeider me med ei sesongavslutning for 2015- sesongen, som skal arrangerast i VST måndag 13. april. Sjur stiller i år og.

1.4 Representasjon

- * Utsendingar til: Harald Tveito på Aker Achievement for utdeling av stipend. Størstedelen av dette stipendet på 50 000, har styret, i lag med Sjur, vorte einige om at skal gå til rekrutteringsarbeid og sponing av reiser, innan laget, i tillegg har me løyvd 25000 kr Ljosmast i skileikbakken i VST. Ljosmasta kom på plass hausten 2014 og har alt vore til stor glede for små og store langrennararar i skileikbakken.

1.5 "Hangoren "

Voss IL Nordisk hadde også dette året fleire innlegg i bladet "Hangoren". Innlegga gav eit samandrag av vår aktivitet gjennom sesongen. Takk til Kristina for eit godt arbeid her.

2. SAMANDRAG

2.1 Tilskipingar.

- KM Parkstafetten, vart gjennomført 18. januar med ca.90 lag påmeldt. Rennet vart profesjonelt gjennomført med Oddvar Jansen som rennleiar og med mange dyktige funksjonærar.
- Vestlandske Skistemna, duatlon, gjekk som planlagt i Voss Ski- og tursenter 22. mars. Profesjonelt gjennomført renn med god deltaking. Ca 230 startande. Stor takk til funksjonærane med rennleiar Lars Terje Tveito i spissen.
- Nordisk har arrangert tre karusellrenn i vinter. Renna har blitt lagt til helger med låg aktivitet elles. Me har oppmoda løparar frå Vossalangrenn og andre klubbar om å delta. Dette har fungert svært bra. Kjekt at renna våre også har vore attraktive for litt eldre løparar. Me har hatt eitt renn med enkeltstart og to med fellesstart. Første karusellrennet vart gjennomført 20. desember. Her var det om lag 200 startande. Dette rennet likna derfor meir på eit vanleg kretsrenn enn på eit lagsrenn.

Premiering

- Sesongen 2014/15 har premieringa vore slik:
 - 1.karusellrenn: Telenorpremiar (huer) til løparar frå 0-14 år
 - 2.karusellrenn: Skåler
 - 3.karusellrenn (lagsmeisterskap): Små statuettar. Premieringa vert på ein lagskveld våren 2015.Parkstafetten: Premiar til alle: Skåler. Frå 11 år og oppover: Finare premiar til 1.-3.plass (3+2+2 skåler)
Vestlandske skistemna: Statuettar med «Vestlandske skistemna» innskripe (str. 20cm, 18 cm, 15cm for 1.-3.plass, og 12 cm til resten). Premiar til alle løparar.
Vandrepokalar for raskaste løpar i ulike klassar under Vestlandske skistemna: gutar 15-16 år: Olve Ure, jenter 15-16 år: Emma Skjoldli, kvinner jr/sr.: Karoline Simpson Larsen, menn jr.: Hans Inge Klette, menn sr.: Eivind M. Blindheim

Me takkar Kristina og premienemnda for flotte premiar og god organisering på alle våre renn.

3. MEDLEMSTAL.

Medlemstalet i gruppa er:

0 – 5 år	2
6-12 år	32
13 – 19 år	42
20 – 25 år	19
26 år og eldre	94

Totalt gjev dette 189 medl.pr.23.03.2015

Då idrettsregistreringa vart gjennomført ved årsskifte 14/15 var det 195 medlemmer registrert i langrennsgruppa. Det er framleis ein del namn i gruppa som er usikre. Det er planlagt ein ny gjennomgang av namna i langrennsgruppa i løpet av våren 2015

4. RESULTAT OG PRESTASJONAR

Resultat WC cup sesongen 2014/15 for Sjur Røthe

Ruka	Lillehammer tour 10km	totalt	Davos	Davos	Østersund	VM Falun 30km duatlo	VM Falun 15 km F	Holmenkollen
15km C	F	15km C	15km C	15km F	15km F			50km F
15 pl	3 pl	4 pl	3 pl	4 pl	33 pl	23 pl	Brutt 9 pl	1 pl

Resultat NM Røros Senior

	15km F	30km duatlo
Sjur Røthe	3 pl	12 pl
Vebjørn Turtveit	11 pl	16 pl
	Sprint	
Lars Andre Møen	74 pl	

Resultat Nc Senior

	Beitostølen		Bullsprinten			Meråker	
	15kmC	15km F	10km F	Sprint	15kmC	Sprint	30km F
Vebjørn Turtveit	33 pl	17 pl	4 pl	17 pl	12 pl	41 pl	15 pl
Lars Andre Møen			143 pl	113 pl	126 pl	72 pl	87 pl
Sjur Røthe	26 pl	13 pl					

Skandinavisk cup

	Lillehammer		Falun			Madona	Totalt til slutt i cup.	
	15km F	Sprint	30km C	15km F	30km duatlo	15km C	30km F	
Thommas Fenne	117 pl	79 pl						
LarsAndre Møen	158 pl	121 pl	121 pl					
Vebjørn Turtveit	4 pl	20 pl	22 pl	11 pl	25 pl	17 pl	18 pl	18 pl

Nc cup junior

	Lygna		Nes			NM Hommelvik		
	10km fri	Sprint	10km C	10km C	sprint	10km F	15km F	10km C
Bjarte Eide	92 pl	61 pl	104 pl	83 pl	62 pl	83 pl	Brutt	126 pl
Sjur Tveito	103 pl	123 pl	106 pl				119 pl	85 pl

Hovedlandsrennet Stokke

	Fristil	Klassisk
Tore Akerlie	149 pl	
Olav Ø. Jansen	258 pl	121 pl
Olve Ure	16 pl	123 pl

KM Hordaland

	Røldal klassisk	Korlevoll fri
Daniel Dugstad	3 pl	5 pl
Martinius Røthe		11 pl
Mari F. Aas		1 pl
Ingeborg Wæhle		5 pl
Fredrik G. Røthe	2 pl	2 pl
Jakob R. Bryn	3 pl	1 pl
Eirik Finne	7 pl	7 pl
Jon S. Brekke	8 pl	6 pl
Olve Ure		1 pl
Tore Akerlie	2 pl	2 pl
Olav Ø Jansen	5 pl	7 pl
Bjarte Eide	6 pl	4 pl
Sjur Tveito	4 pl	5 pl
Guro Tveito	1 pl	
Lars Andre Møen	4 pl	
Helge Finne	9 pl	
Dag Gunnar Brekke	21 pl	15 pl

Ungdommens Holmenkollrenn

	Klassisk
Daniell Dukstad	34 pl
Sander Sævig Eriksen	87 pl
Eirik Finne	67 pl
Jakob R Bryn	78 pl
Jon S Brekke	143 pl
Ingeborg S Wæhle	62 pl
	Skøyting
Daniell Dukstad	80 pl
Sander S Eriksen	100 pl
Fredrik G Røthe	49 pl
Eirik Finne	97 pl
Jon S Brekke	127 pl
Ingeborg S Whæhle	81 pl

Resultat NM Harstad

Sprint stafett

Vebjørn Turtveit og Sjur Røthe
5 pl

50 km klassisk

Vebjørn Turtveit 21 pl
Lars Andre Møen 99 pl

5. HEIDER OG ÆRE

Hovudstyret i Voss idrottslag vedtok på møte i 24. april 2014 fylgjande: Dugnadspokalen, Kringsjåpokalen, vart tildelt Ingrid Turtveit, nordisk. Pokalen til beste mannlege utøvar, Sylvsmidjapokalen, vart tildelt Sjur Røthe, nordisk. Pokalen til beste kvinnelege utøvar, Vekselbankpokalen, vart tildelt Anna Haugo Bryn, alpint.

Stipend av sponsormidlar frå Voss Sparebank på kr 4000.- kvar gjekk til Hildegunn Heggøy (1995), orientering, Erling Sjøtun (1994), alpint og Sjur Tveito (1997), nordisk.

7. ANLEGG

Voss Ski- og Tursenter:

Olav Farestveit er styreleiar i VST. Frå hausten 2014 vart og Lars Terje Tveito vald inn som styremedlem. Voss IL er aksjeeigar i driftsselskapet Voss Ski - og Tursenter. Mykje godt arbeid er lagt ned i anlegget. Voss IL har mange medlemmer som har delteke på dugnad i samband med å utbetra anlegget. I tillegg er Arenahuset no mykje i bruk i samband med renn, og til utleige. Eigarlaga har delt utleigehelgene mellom seg, der laga har ansvar for utvask etter tur. Frå 1. januar 2015 vart Gro Marit Istad Kristiansen tilsett som dagleg leiar i VST.

6. TRENING /TRENARAR.

Skitreningane har i all hovudsak vore i Voss Ski – og tursenter. I aldersgruppa 13 – juniorar har samarbeidet i Vossalangrenn fungert bra. Stødige trenarar med Tore Tveito, Lars Terje Tveito, Stig Gunnar Røthe og Bent Kvamme. Voss IL løparane har hatt god utvikling. Kjekt med nye treningskameratar. Samstundes så ser me at overgangen frå tidlegare heller ikkje er skremmande.

Dei yngste løparane frå 2.-6. klasse har hatt innetrening kvar måndag i tillegg til utetrening i Voss ski og tursenter i barmarksesongen, medan det i skisesongen er skitrening både tysdag og torsdag. Basistreninga i haust var det Lars Andre Møen og Lars Tveito som var hovudtrenarar på. Helge Finne, Berit Marie Galaaen og Øyvind Wæhle organiserer dei andre treningane med hjelp frå mange ressusterke foreldre. Gudmund Skjeldal var hovudtrenar heile vinteren for 3.-4. klasse. Alle treningane både på barmark og vinter vert gjennomført i samarbeid med Vargar. Nytt frå denne vinteren var at me frå jol til påske hadde eit større samarbeid om torsdagane, der Voss, Viljar, Vargar, Ørnar og Bjørgum var saman om gjennomføringa av treningane. Me sette saman aldersbestemte grupper på tvers av klubbane. Gode erfaringar med dette samarbeidet som me vonar å få til komande sesong og.

8. ØKONOMI.

Gruppa sin økonomi er god takka vere god dugnadsinnsats frå laget sine medlemmar over mange år, sponsormidlar frå Aker og annonseinntekter frå det lokale næringslivet. Det er opparbeida eit godt overskot over fleire år som står på eigen kapitalkonto. Denne kontoen har ikkje vore nytta i 2014. Denne overskotskapitalen gjer at laget har ein sikkerheit for noko differansar i driftsbudsjettet. Inntektsgrunnlaget kan variere noko frå år til år, og utgiftene varierer etter kor mange aktive utøvarar frå 13 år og oppover laget har. Laget støtter aktive utøvarar frå 13 år med treningsavgift til Vossalangrenn, samt dekking av kostnader til deltaking på nasjonale renn. Utgiftene her varierer frå år til år.

Laget har eit stort ynskje om å rekruttere og få fram så mange løparar som mogleg og jobbar for å gje dei best mogleg støtte og tilrettelegging for gode treningstilbod.

Gruppa disponerer ein kapitalkonto, ein driftskonto og ein konto til bruk for betaling av startkontigent til spesielle renn. Totalt har laget pr.31.12.2014 om lag kr 510 000,-

Dei to føregåande åra, 2012 og 2013, hadde laget små underskot på drifta. Det skuldast mange deltakarar i Vossalangrenn, stor reiseaktivitet og stor deltaking i renn for aktive frå 13 år og oppover. Laget har gitt veldig god støtte til desse løparane. Det vart og budsjettert med eit underskot på 15700,-kr i 2014 pga. mange aktive løparar frå 13 år og opp til eldre junior.

Dei største årlege inntektspostane til laget er :

- Rennarrangement: 25000,- pr renn
- Annonseinntekter: 45000,-
- Aker stipend : 50000,-
pga. at laget har ein utøvar på landslaget(Sjur Røthe)
- Dugnad kosting av Vangen: 50000,-
- Medlemskontigent: 20000,-
- Bingomidlar 30000,-
- NIF tilskot: 15000,-

Dei største årlegeutgiftspostane til laget er:

- Deltakaravgift til Vossalangrenn: 55000,-

- | | |
|---------------------------------------|----------|
| Varierer tal deltakarar | |
| • Startkontigent 100% støtte til alle | 55000,- |
| • Reise og opphald nasjonale renn: | 130000,- |

For meir detaljar, sjå rekneskap.

Årets rekneskap synar både høgare inntektspostar og utgiftspostar enn vanleg/budsjettert. Når det gjeld inntektspostane skuldast det at Aker stipend for både 2013 og 2014 har vorte inntektsført i 2014 og dugnadsinntekter for kosting av Vangen for både 2013 og 2014 har vorte inntektsført i 2014. Det gir oss ei forklaring på kvifor rekneskapen syner om lag 100000 kr i meirinntekter enn budsjettert. Sjølv om vi og mista ei viktig inntekt frå rennarrangement når vi måtte avlyse Parkstafetten i 2014.

Når det gjeld utgiftene skuldast det at laget har kjøpt inn lagskle som ikkje var budsjettert, samt at reise og opphaldskostnadane er høgare enn budsjettert. Dette er forklaringa på kvifor rekneskapen syner om lag 120000 kr i meirforbruk enn budsjettert.

Totalt kjem laget ut med eit driftsresultat på – 10 384,- kr. Det er eit noko mindre underskot enn budsjettert (-15700,-). Laget er fornøyd med det. Med denne økonomistyringa har vi gjeve utøvarane våre veldig god støtte, og vi har fått investert i lagsklede som er viktig for profilering og markering av Voss il.

9. INFORMASJON

Voss IL Nordisk nyttar heimesida si svært aktivt. Heimesida vert nytta til informasjon om trening, samlingar, renn og resultatservice. Sida vert mykje nytta både av egne løparar og andre ski-interesserte. Adressa er www.vossil.no/nordisk

Ei stor takk til Tore Tveito og Helge Finne som held sida i gang. I skrivande stund er det i gang eit arbeid med å få ei ny nettløysing der det m.a skal verta enklare å publisera bilete.

10. SLUTTKOMMENTAR.

Voss IL Nordisk har løparar i dei fleste aldersbestemte klassane. Utfordringa er å gje best mogleg treningsvilkår og eit godt miljø for løparane i ungdomssteget. Me er avhengige av eit godt samspel med dei andre idrettslaga i kommunen, som me no har i Team Vossalagrenn, der Voss IL er ein av dei største pådrivarane, både blant utøvararar og trenarar.

Me har mange ivrige born som må fylgjast tett opp i åra som kjem, og spesielt viktig er det å rekruttere jenter. Me må halde fram å utvikla samarbeidet med dei andre idrettslaga på Voss, slik at me får eit sterkare langrennsmiljø både sosialt og resultatmessig.

Rekrutteringsarbeidet det siste året har vore svært bra. Nye medlemmer er vorte godt ivaretatt. Det gjeld både utøvarar og foreldre. Det har vore ei positiv utvikling i talet på jenter i gruppa.

Me legg stor vekt på at laget er samla på renn og støttar løparane med smørjehjelp. Nytt for denne sesongen er at det var sett opp ei liste frå styret om kven som var ansvarleg for smørjehjelp på dei ulike renna. Me ønskjer at løparar og føresette skal finna beachflagget til Voss IL på alle renn, og at dei der skal møta ei fast stamme av ressurspersonar innan smurning. Ei stor takk til Harald, Lars Terje og Steinar som også denne sesongen stiller opp på renn etter renn.

Laget har gode trenar-ressursar, men prøver motivera fleire foreldre til å vere med i dette viktige arbeidet. Det bør og satsast på trenarutdanning på eit høgare nivå i NSF. I tillegg til å leggja til rette for gode treningstilhøve, er også miljøet i gruppa vår svært viktig. Me ynskjer at både dei aktive, trenarar og foreldre skal kjenna seg trygge og vera ein del av fellesskapet. Me må særleg prøva å leggja vekt på å ivareta dei nye medlemene i gruppa vår, både på trening og ikkje minst på renn. Eit ønskje for framtida er å få inn meir faste trenarar som kan fylgja opp dei ulike aldersgruppene enno tettare.

Det har som vanleg vore eit høgt nivå på dugnadsinnsatsen i løpet av året. Arne Hauso har endå ei gong utmerka seg som ei stor eldsjel i laget, med m.a stor mykje arbeid på Rosethytta. For resten av laget er det arbeid i VST, funksjonærar på skirenn, ein vaskedugnad hjå Martin Lid og kosting av gatene som har vore dei største dugnadene.

Me vil takka for all dugnadsinnsatsen som er gjort både av born og foreldre!

Styret i Voss IL, nordisk

Helge Finne

Harald Tveito

Berit Marie Galaaen

Kristina Fareth Aas

Siri Sterri

Oddvar Jansen